

Åshild Kjelsnes, fylkesordfører, Postboks 382, 6902 FLORØ

Jenny Følling, fylkesvarordfører, Solhøgda, 6877 BYGSTAD

Norvall Nøringset, gruppeleiar Sosialistisk Venstreparti, Skora 6 A, 6810 FØRDE

Trude Brosvik, gruppeleiar Kristeleg Folkeparti, Brosvik, 5966 EIVINDVIK

Marit Barsnes Krogsæter, gruppeleiar Venstre, Kleiva 83, 6900 FLORØ

Norvald Distad, gruppeleiar Høgre, Postboks 53, 5741 AURLAND

Frank Willy Djuvik, Bergmovn. 24, 6900 FLORØ

Tore Eriksen, fylkesrådmann, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2,  
6863 LEIKANGER

Jan-Tore Rosenlund, fylkesbyggesjef, Sogn og Fjordane Fylkeskommune,  
Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

## **BYGGING AV RIDEHALL PÅ MO OG ØYRANE VG.SKULE, MO**

Tidlegare Mo og Jølster vg.skule, fekk i møte i Hovudutvalet for Opplæring i september 2006, godkjent romprogram for oppføring av ny ridehall på Mo. Bakgrunnen for dette var at det var komme eit nytt studietilbod innan programområdet Naturbruk, der opplæring i hestefaget hadde fått eige læreplan. Allereie i 2003 starta Mo og Jølster vg.skule tilrettelegging for opplæring innan hestefaget, og var saman med fem andre vidaregåande skular i landet ein pådrivar for å få ein formell utdanning innan hest, då denne interessa var svært stor og etterspurd som utdanningsveg frå ungdom som skulle inn i vidaregåande opplæring.

Dei tillitsvalde for dei ulike fagorganisasjonane trudde at bygging av ny ridehall på Mo skulle la seg realisere ganske raskt, men diverre vart dette prosjektet på plassert på fylkesbyggesjefen si marginalliste utan at ein har fått vidare framdrift i saka. **Tillitsvalde er godt kjend med det arbeidet leiinga på skulen har lagt ned i denne samanheng for å få realisert prosjektet, men alltid har det komme andre investeringar i opplæringssektoren framom som har vore sett på som viktigare.**


Etter mykje arbeid frå skuleleiinga si side vart denne investerings-saka løfta fram i fylkestingssak 55/13 pkt. 15 i samband med handsaming av budsjett 2014/Økonomiplan 2014-17. På nytt ser det no ut til at dette byggeprosjektet igjen skal «ramle mellom to stolar» m.a. som ein følgje av fylkeskommunen sine endra økonomiske rammevilkår frå og med 2015.

For dei tilltsvalde er situasjonen no uhaldbar, då skulen allereie for 4 år sidan mista ein av faglærarane som hadde undervisning innan hestefaget. Han fekk tilbod om tilsvarande stilling på ein naturbruksskule som hadde ridehall, noko som medførte at arbeidstilhøva vart fullstendig endra. **Det er ikkje lenger akseptabelt at våre tilsette må stå ute i vinterhalvåret i sterk kulde, og i periodar med mykje snø, for å ha undervisning, når ein ser korleis arbeidtilhøva for tilsette med tilsvarande undervisning i hestefaget, ved dei fleste naturbruksskulane, no er lagt til rette med ridehall for å kunne gjennomføre undervisninga i samsvar med fagplana. Medlemmane våre som no har denne undervisninga gjev no uttrykk for at dei ikkje kan finne seg i arbeidtilhøva stort lengre, og vi ser derfor ikkje bort i frå at fleire av lærarane kjem til å slutte av den grunn.**

Eit tilhøve som er like alvorleg er, at skulen dei 2 – 3 siste åra har fått melding frå elevar i søkjeperioden til vidaregåande skule, om at dei vel vekk Mo og Øyrane vg.skule når det gjeld opplæring innan hestefaget, fordi ein ikkje har ridehall som gjer at ein får ein fullgod undervisning i faget. Desse elevane søker seg til andre fylker som har slike lokalitetar på plass allereie. For skuleåret 2014/15 er det ikkje mindre enn 5 elevar som søkte seg til andre vidaregåande naturbruksskular som har ridehall. Ein god del av desse søkte seg til Hordaland.

Tillitsvalde ved Mo og Øyrane vg.skule, Mo, ber no dei politiske partia ta ansvar for å realisere investeringa i ridehall på skulen snarast mogeleg, då saka er 8 år gammal og skulle for lengst ha funne si løysing. Ikkje minst er dette viktig for rekrutteringa til utdanninga og arbeidstilhøva for dei tilsette.

Mo den 10.11.14



Jostein Kåre Midtbø

tillitsv. Utd.forb.




Jarl Devik

tillitsv. Naturviterne



Paul Martin Follevåg Antonsen

tillitsv. Lektorlaget



Arne Helge Selvåg Tefre

tillitsv. Fagforbundet

Kopi:

Liv Horvei, rektor

Trygve Jacobsen, ass.rektor